



Jurgita, Daiva og Vita har ein hektisk innsputt før kafeopninga laurdag.

### Vi bur i MATBYGDA Uskedalen!

**I morgon laurdag klokka 12 legg matbygda eit nytt kapitel til sin vekst. Då opnar eit optimistisk lag frå Litauen kafe i huset dei har kjøpt på Brekketoppen. Det er ikkje lenge sidan vi fekk thaivogn og Elins Matgleder og frå før hadde vi Systrene Nilsen, Friheim Gardsmat. og Cafe Tlaren på tysdagar. Korleis skal dette gå? Vil alle klara seg?**

Vi får tru at Elin Enes har rett når ho seier det slik:

- Dette er flott, vi er så forskjellige og utfyllar kvarandre. Eg jobbar meg i alle fall nesten ihjel!

Kven står så bak den siste matstaden og kva vil den lokka med?

Jurgita Zemaitaitiene (31) frå Taurage, som kom til Uskedalen for 7 år sidan er primus motor og skal servera maten som Daiva og Vita lagar. Også dei er frå Taurage og har den bakgrunn frå matlaging som Jurgita saknar.

Bak foretaket står også Jurgitas mann Arunas Zemaitaitis (40) som kom til Noreg for 8 år sidan og mellomanda i Haugesund før han kom til Uskedalen. Dei har borna Saule (8) og Arunas (snart 2) og kafeen heiter SAJA fordi det er forbokstavane til dei 4 i familien. Ideen om kafestarten har

Arunas hatt i 4 år og den vart særleg aktuell då dei kjøpte huset for 2 år sidan etter ein leigeperiode.

Korkje Jurgita eller

Arunas har sysla med kafedrift før men dei har gjort det bra med firmaet Lan Bygg som no har 5 tilsette og starta for 6 år sidan. Lan skal sjølvsagt halda fram.

På menyen kjem det til å stå variert kost og den vert i stor grad justert etter kva folk vil ha. Jurgita nemner i fleng kebab, hamburger, pølse, barnemeny, grilla kylling og ein litauisk spesialitet som er kyllingkarbonadar og heiter kijaro. Men ho legg til at heller ikkje fisk og supper vil verta gløymt.

Ellers meiner lesarar at det var kafe i det same huset ein stuttare periode på 1950-talet. Er det tilfelle og kven hadde i så fall kafeen?

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Uskedalen har fått Saja kafe